



Uskedelingane klåre til innsats i Rosendal i føremiddag

**Ikkje uventa hevda uskedelingane seg godt då første del av Kvinnheradløpet vart avvikla i duskregn i føremiddag. Det var elevane som stilte opp i dag og uskedelingane mønstra med klassane 5,6 og 7 samt ungdomsskule-elevane.**

**Til saman var det 16 klassar og rundt rekna 220 av 250 som deltok i løpet.**



220 elever deltok i løpet og her er starten

Ungdomsskolen hadde klassane 8, 9 og 10, Malmanger 4,5,6 og 7, Hatlestrand 8, 9 og 10 og Omvikdalen 5,6 og 7.

Det var pengepremiar på 300, 200 og 100 kroner til dei 3 beste på kvart klassesteg og i tillegg var det trukke ut blant alle ein vinnar av gåvekort på 500 kroner.

Resultata er førebels uoffisielle, men dei fortel at Marius Myklebust frå Uskedalen var raskast av gutane med 39,32 men Torgeir Bøyum frå Rosendal var berre eitt sekund etter. Uskedelingen Tord Sæle var tredjemann med 39,39. På sjetteplass kom Johannes Haugland med 41,32 og på sjuandeplass Kjartan Tungesvik med 41,45 - også dei to siste frå Uskedalen.

Av jentene var Sara Guddal frå Rosendal best med 43,09 medan Veslemøy Haugland frå Uskedalen var nest raskast med 44,05, På tredje plass kom Helene Bennæs frå Rosendal med 46,43 foran uskedelingen Solveig Haugland med 47,21

Den offisielle resultatliste føreligg ikkje før til veka.

Det gjer imidlertid resultatet frå konkurranseklassa som vert avvikla søndag og då forhåpentleg med langt fleire deltakarar enn dei 24 som stilte opp i fjor. Halvert løypelengde og pengepremiar vil kanskje stimulera.

Men føremålet er framfor alt å få flest mogeleg ut til trim i den vakre naturen uansett form og alder. Dei gåande som nyt turen utan tidtaking er heilt klårt i fokus, poengterar arrangøren som er turnlaget og Kvinnheringen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dei 3 beste gutane i løpet for full fart (Foto: Kåre Eik)